
Fra: Bakkebø, Ole <fmhooba@fylkesmannen.no>
Sendt: torsdag 5. april 2018 14:29
Til: Postmottak Lindås
Emne: Gebyr byggesak .

Lindås Kommune ved Morsund
Sak 17/2343-18/6369

Spørsmål om gebyr - fasadeendring

Eg har fått eit oversendt eit gebyr frå kommunen på kr 4.000. Gebyret er betalt. Kommunen opplyser at saka ikkje var komplett då den vart motteken i 4.august. Trong for tillegg dokumentasjon for vinduet vart deretter etterlyst frå kommunen knapt 2 månader seinere (29. oktober). Kommunen fekk det dei etterlyste teikningane ny sending 15/11- 2017. Så skriv kommunen v/Morsund at saka «etter avtale med søkjar « vart sett på vent til 8.januar -2018. Slik avtale kjenner eg ikkje til.

Etter mitt syn dreier dette seg om følgjande :

1. Dette vinduet var tidlegare godkjent av Lindås kommune. Det er det same vinduet som er sett inn att i same ramma. Det går fram av saka. Målsette teikningne for vinduet skal føreligge i kommunale arkiv. Kommunen skal ha orden i dette og ikkje sende meg brev der søknaden er framstilt som mangelfull som følge av manglande fasadeteikningar. Kommunen brukte dessuten nesten 2 månader for å finne dette ut. Eg fekk heller ikkje stadfesting på at søknaden var mottatt av kommunen i august. Det fekk eg først den 29/9 . Det tyder på mangelfulle rutinar frå kommunen. Heile saka er feilaktig handsama på alle måter allereie på dette tidspunktet og skulle ikkje belastast meg verken med gebyr eller som mangelfull søknad slik eg ser saka.
2. Som følge av tidlegare godkjenning av vinduet av kommunen og påfølgjande endra planstatus for området/arealet til næringsareal, bør dette vere ei ikkje-sak for kommunen . Det var eg som valgte å ta ned vinduet - og ikkje som følge av pålegg frå kommunen. Men vi var samde om på førehandskonferansen at eg for «ordens skuld» burde ta saka opp att på nytt.
3. Etter avtale med den 6. nov Sylta fekk eg utsetjing med å ordne opp alle desse «manglane»som kommunen fann ved søknadene. Avtalen var naturlegvis at sakene skulle stemplast inn den dagen kommunen mottok saka . Saka kom kommunen i hende den 15.11 og fristar skulle evt løpe i frå same dato. Men så skriv Morsund at eg gir kommunen samttykke til å arkivere saka i nesten 2 nye månader etter at den vart innstempla - altså frå 8.januar 2018. Kommunen lar så fristen for sakshandsaming og gebyr starte på nytt den 8.januar. Dette er meiningslaust og feilaktig.

Eg ber om at de gjer om dette gebyret. Om det ikkje gjer det, så vil eg påklage dette gebyret til det organet i kommunen som handsamar desse sakene. De må opplyse meg om prosedyrer og fristar for klage på gebyr. Det er ikkje opplyst noko om dette i tilsendt krav om gebyr.

Høyrer frå dykk snarast

Med helsing
Ole Bakkebø